



Statens kartverk
Postboks 600 Sentrum
3507 Hønefoss

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8026 - 23/15094

Saksbehandlar:
Morten Mangerøy Helland
morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no

Dato:
23.02.2023

Melding til tinglysing av arealoverføring mellom 220/2 og 220/13 - Alver kommune

Vedlagt føl melding til tinglysing i to eksemplar for tinglysing av arealoverføring mellom gbnr. 220/2 og 220/13 i Alver kommune.

Det er same heimelshavar på dei to eigedomane, det er derfor ikkje lagt ved erklæring om arealoverføring eller skjema for konsesjon.

Det er lagt ved kopi av brevet «Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglystast»

Eg har beskreve manglande nedanfor i brevet og kvifor me meiner at nemnte rettigheter ikkje har betydning og ikkje vil verte påverka av arealoverføringa. Eg legg og ved ein del vedlegg som dokumentasjon på kvifor me meiner dette.

Dokumentnummer 900117 tinglyst 26.05.1931. Dette er eit skyldskifte med diverse rettar/pliktar.

Naustrett: Naustretten er beskreve med «grenseforløp». Plasseringa er beskreve 7 og 10,7 meter og «ut i sjø» ved bygdevegen som ligg ved sjø. Denne plasseringa (sjøen) er meir enn 1000 meter vekk frå arealet som no skal arealoverførast. Me kan derfor ikkje sjå at dette skal ha betydning eller at retten kan verte påverka av arealoverføringa.

Forkjopsrett: Det ligg ein forkjopsrett for det nye bruket registrert i dokumentet, dette er ein rett der ein person (Nils O. Urdal?) har forkjopsrett til å kjøpe det nye bruket som har gbnr. 220/9. Denne retten har ingen betydning for denne arealoverføringa mellom 220/2 og 220/13.

Vegrett og rett til lager og lasteplass ved sjøen, denne retten er avlyst med tinglyst dokument nummer: 1990/4899-1/51. Har heller ingen betydning for arealoverføringa.

Punkt 10 i skyldskifte beskriv ein rett til grunn. Denne retten er beskrevet på «Urdal sæteren» Som beskrevet lenger nede i forbindelse med Dokumentnummer 3408394 tinglyst 30.11.2020, ligg urdalssæteren oppe i fjellet langt frå arealoverføringa. Det ligg ved kart som viser dette. Me ser ikkje at dette har betydning for arealoverføringa, eller at retten kan verte påverka av saka.

Resterande rettar i skyldskifte er, beiterett, vegrett, rett til kraft, gjerdeplikt. Me ser ikkje at dette har betydning for arealoverføringa.

Eg legg ved heile skyldskifte samt utklipp av det me ser på som viktig og som eg har forklart over.

Dokumentnummer 8756 tinglyst 20.09.2005. Dette er ein rettighet til utvidelse av eksisterande steinbrudd samt framføring av veg. Dette er ein rettighet som den gang «Oster pukk og sand A/S» med organisasjonsnummer 932307952 fekk. Etter namnebytte er organisasjonsnummer 932307952 i dag DC Eikefett aggregates AS, som har overtatt arealet som er beskrevet i avtalen og eig heile 220/2 i dag. DC Eikefett aggregates AS er heimelshavar av begge eigedomane som er involvert i arealoverføringa. Me ser ikkje at denne rettigheten vert påverka av arealoverføringa då det er rettighetshavar sjølv som søker om arealoverføringa til sin eigen eigedom.

Eg legg ved kopi av rettigheten.

Dokumentnummer 3408394 tinglyst 30.11.2020. Eg fekk ein annan arealoverføring i retur pga. av denne heftelsen, eg forklarar den og. Dette er ein rett til å setje opp eit uthus med maksimal grunnflate på 8m² i tilknytning til gbnr. 220/17. Gbnr. 220/17 er ein støl oppe på Store urdalssætra, som ligg over 3000 meter i luftlinje frå arealoverføringa. Det er ikkje rimeleg at eit uthus som skal vera i tilknytning til gbnr. 220/17 vert satt opp over 3000 meter og 400-500 høgdemeter vekk frå eigedomen. Me ser derfor ikkje at denne rettigheten påverkar arealoverføringa, eller at retten kan verte påverka av saka.

Eg legg ved kopi av rettigheten og kart som viser kvar sætra er.

Med helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

melding til tinglysing

Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

Forkjøpsrett

Kart sjø

Kart sæter

Nausterett

Rettighet 2005

Rettighet 2020

Skyldskifte 220-9

Mottakarar:

Statens kartverk

Postboks 600
Sentrum

3507

Hønefoss